



Tingvoll, 16.4.2020

Sykkylven kommune

SKADEFELLING FISKEMÅSE BUAS 2020 - KLAGE

Dykkar ref. 20/1330

Naturvernforbundet klagar på vedtaket dagsett 30.3.2020. Viss utfallet av saka blir at søkjar får løyve, er det nødvendig med kompensande vilkår.

Viss det er ønskjeleg kan vi gjere nærare greie for vår klagerett.

Vi legg ved vårt brev av 18.6.2010 vedkomande fiskemåke i Sykkylven. Det var den gongen ein annan søkjar, men mykje av problemstillinga elles er aktuell for saken også i år. Ikkje minst viser brevet at problemet ikkje er løyst. Samtidig er det fiskemåka som kvart år betalar for den manglande løysinga. Det er ikkje så rart at artar kjem på raudlista og blir verande der når det er slik.

Problemet har gamalt opphav. Vi menneske har gjort ulike tiltak som har gjort det umogleg for fiskemåka å halde fram med sitt naturlege liv. Dette sa vi ein del om i brevet vårt i 2010.

Når det gjeld BUAS er det t.d. bygd i hundremetersona langs sjøen. Når ein trenger seg innpå fuglane som lever i sjøkanten, kan ein ikkje vente anna enn at dei gjerne vil halde fram med å vere der. Den dagen det blir heilt stille, då er det verkeleg alvorleg.

Bygget står no eingong der det gjer. Alternativet då er å legge til rette slik at fiskemåkene kan finne seg andre område der dei får til å hekke. Viss ein kan auke hekkesuksessen andre stader i Sykkylven godt og vel tilsvarande det ein fjernar på BUAS, bør ein kunne konkludere med at tiltaket ikkje er nokon fare for bestanden.



Naturmangfaldlova gir heimel for å setje vilkår. Det er vidare tiltakshavar som må dekke kostnader med nødvendige tiltak. Samanlikna med å flytte BUAS vekk frå strandsona, er det svært rimeleg å legge til rette nokre hekkeplassar ein annan stad ikkje så langt unna.

Problemstillinga går igjen frå år til år. Truleg blir problemstillinga og behovet varig. Vi bed difor om at det blir sett vilkår om etablering av alternative hekkeplassar meint for fiskemåke. For seinare år kan ein då gi løyve til å fjerne egg ved BUAS tilsvarande t.d. 90% av det som blei positivt resultat av ny alternativ hekkeplass året før. Då vil brukarane av BUAS få sin kvalitet utan at fiskemåkene som bestand betalar.

Vi er kjent med at det er sett opp nokre hekkebrett med tanke på å etablere alternative hekkeplassar. Å tilby fiskemåka alternativ hekkeplass som blir brukt kan ta litt tid. Dei måkene som skal hekke i år har vent seg til at tak er hekkeplass, det er der dei sjølv blei fødte. Å vite då at eit hekkebrett gjer same nytta, det må ein gje dei tid å finne ut av. Før eller seinare vil dei oppdage det, og då vil dette vere eit godt alternativ. Det kan vere det skal til eit visst tal brett også for at det skal ta laus. Kan hende bør ein lage til nokre som ser ut som tak også, sjølv om dei er små.

Vi antar at det knytt til industriområdet på Forus i Rogaland er nokre som veit meir om dette. Elles skal ein ikkje sjå bort frå at nokre av dei som bur på BUAS kjenner til hekkebrett i bruk før siste krig. Det går jo an å spørje. Når ein får til dette, er det elles svært ønskeleg at ny kunnskap blir spreidd til resten av fylket. Problemstillinga er kjent mange stader, noko som sjølv sagt gjer det endå meir nødvendig at det det får ei løysing som også er positiv for fiskemåka.

Med helsing

Øystein Folden